

Medlemene vert med dette kalla inn til møte.

Varamedlemer får innkallinga, møter berre etter særskild innkalling.

Vert du av lovlege grunnar hindra i å møte, må du melde frå til Anne Liv Lidtveit på tlf. 99 38 66 30 eller e-post post@konesjonskraft.no

Valle, 28.11.2016

*Innkalling til møte i KIKS - Representantskapet
08.12.2016 kl. 13:00 i Kristiansand - Scandic Dyreparken*

Vi startar med lunsj frå kl 12:00.

Det blir gitt ei orientering om kraftmarknaden innleiingsvis i møtet.

Til handsaming:

Saksnr	Innhold
PS 4/16	Godkjenning av møteprotokoll
PS 5/16	Revidering av styreinstruks 2016
PS 6/16	Instruks for dagleg leiar
PS 7/16	Tertialrekneskap 2. tertial 2016
PS 8/16	Økonomiplan 2017-2020 og budsjett 2017

Reidar Saga
styreleiar

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Saksnr	Innhold
PS 4/16	Godkjenning av møteprotokoll
PS 5/16	Revidering av styreinstruks 2016
PS 6/16	Instruks for dagleg leiar
PS 7/16	Tertialrekneskap 2. tertial 2016
PS 8/16	Økonomiplan 2017-2020 og budsjett 2017

PS 4/16 Godkjenning av møteprotokoll

Saksmappenr:2011/3 -12
Arkiv: 033
Sakshandsamar: Anne Liv Lidtveit

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
59/16	KIKS - Styret	14.11.2016
5/16	KIKS - Representantskapet	08.12.2016

Revidering av styreinstruks 2016

Dagleg leiar tilrår:

Representantskapet vedtar revidert styreinstruks

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 14.11.2016

Handsaming:

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Representantskapet vedtar revidert styreinstruks.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Styreinstruksen skal reviderast ein gong kvar kommunestyreperiode.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

Konsesjonskraft IKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane, og må med andre ord vere proaktive både i administrasjonen, men også i styret. Det er viktig at styret har kjennskap til arbeidsoppgåvene sine og til rammene sine.

3. Saksopplysningar

Ein hadde styreinstruksen opp som sak i styremøtet 30. september 2016. Då blei administrasjonen beden om å sjå på både styreinstruksen og dei andre instruksane/reglementa

på nytt. Ein har derfor valt å gjennomgå styreinstruksen detaljert før ny behandling i styret og representantskapet.

Det er gjort nokre mindre endringar i oppbygging, men dette er for å gjere styreinstruksen meir logisk oppbygd. Meir detaljerte endringar er kommentert under Vurdering.

4. Vurdering

Under punkt 1 er det lagt til at styret kan vedta å sjå vekk frå styreinstruksen «dersom tungtvegande grunnar talar for det».

Under punkt 2, andre avsnitt er ordlyden gjort i samsvar med selskapsavtalen, altså at innkalling sendast ei veke før møtet. Ein har også sletta punktet at innkallinga blir sendt til vararepresentantane, då det verkar lite tenleg å sende innkalling til alle 7 på varalista. Dette var annleis tidlegare når ein hadde personlege varapersonar. Ein sender i dag til vara som møter, og ein vurderer dette som tilstrekkeleg.

I punkt 4 er ordlyden endra slik at den er i samsvar og lik den som står i selskapsavtalen. Innhaldet er uendra.

Punkt 7 er endra til «Styret skal». Tidlegare punkt 7 («Styreleiar skal») er flytta sist i instruksen, då ein meiner styret sine oppgåver og plikter bør kome fyrst. Ein har også slått saman dei tidlegare punkta «Styret skal» og «Desse sakene skal handsamast i styret». Desse punkta er så like at det er kunstig å dele dei.

Internt i punkt 7 er det gjort endringar i rekkefylgje, for å bygge opp punktet meir logisk og prioritert. Ein har mellom anna sett punktet om at styret skal syte for at selskapet si samla verksemd er i samsvar med gode etiske retningslinjer fyrst under punkt 7, fordi ein meiner det sender eit viktig signal.

Det er gjort mindre endringar i formulering av enkeltpunkt under punkt 7, men ingen realitetsendring frå tidlegare versjonar.

Valle, den 01.11.2016

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Vedlegg

1 Instruks for styret



Instruks for styret

1. Innleiing

Styrearbeidet i Konesjionskraft IKS skal følgje denne styreinstruksen. Styret kan i enkeltsaker, dersom tungtvegande grunnar talar for det, vedta å sjå vekk frå denne instruksen, men skal i så tilfelle rapportere til representantskapet ved fyrste høve.

Styreinstruksen og styrearbeidet skal evaluerast ein gong i løpet av kvar valperiode.

2. Møteplan, innkalling med meir

Styreleiar skal saman med dagleg leiar sette opp framlegg til møteplan ein gong i året, og hovudagenda for komande styremøte. Møteplanen vert vedteken av styret i samsvar med gjeldande årshjul.

Styret skal kallast inn til møte med minst ei vekes varsel. Innkallinga skal innehalde dagsorden som syner kva for saker som skal handsamast.

Styremedlem som ikkje kan deltake på styremøte, skal så snart som råd varsle dagleg leiar som er ansvarleg for å kalle inn vararepresentantar.

3. Saksførebuing og dokumentasjon

Styreleiar er ansvarleg for å sette dagsorden og syte for at dagleg leiar førebur og dokumenterer styresakene på ein forsvarleg måte. Saksdokumenta skal innehalde eit tilfredsstillande avgjerdsgrunnlag og framlegg til vedtak frå dagleg leiar.

4. Handsaming i møte

Styret er vedtaksført når minst fire av medlemmene eller deira varamedlemmer er til stades. Eit vedtak er gyldig når det er gjort med halvdelan av dei medlemmene som er til stades. Ved stemmelikskap er leiarens stemme avgjerande.

5. Styrehandsaming utan møte

Saker kan handsamast utan møte, men berre når dette er nødvendig og forsvarleg. Ein kan nytte telefonkonferanse eller annan måte som styreleiar avgjer. Viktige saker kan ikkje handsamast utan møte dersom det ikkje ligg føre sakleg grunn.

6. Styresaker og styrets avgjerdsmynd

Styret gjer vedtak i saker som er av vesentleg eller stor avgjerd for selskapet. Styret fører tilsyn med at selskapet vert drive i samsvar med lover, selskapsavtale, vedtak gjort av representantskap og/eller styret, og interne regelverk.

7. Styret skal

- Syte for at selskapet si samla verksemd er i samsvar med gode etiske retningslinjer
- Vedta, vedlikehalde og forvalte risikostrategien, og rapportere dette til representantskapet
- Vedta og vedlikehalde beredskapsplanen
- Legge fram nødvendige saker for representantskapet. Følgjande saker skal leggjast fram for avgjerd i representantskapet:
 - o Årsmelding og årsrekneskap
 - o Økonomiplan og budsjett
 - o Tertialrekneskap
 - o Strategiplan
 - o Instruks for dagleg leiar
- Behandle saker av uvanleg karakter og storleik
- Tilsetje/ seie opp dagleg leiar
- Vedtake delegasjonsreglement for dagleg leiar
- Gje fullmakt til gjennom signatur å binde selskapet
- Halde seg orientert om selskapet sin økonomiske status, medrekna fylgje opp budsjett, rekneskap og likviditet.
- Syte for god internkontroll

8. Styreleiar skal:

- Sette dagsorden for styremøte og følgje opp dagleg leiar i saksførebuingane
- Føre tilsyn med dagleg leiar, og ha løpande oppfølging og kontakt med dagleg leiar
- Gjennomføre årleg utviklingssamtale med dagleg leiar
- Saman med nestleiar gjennomføre årleg lønssamtale med dagleg leiar
- Ha møteplikt i representantskapsmøta

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
60/16	KIKS - Styret	14.11.2016
6/16	KIKS - Representantskapet	08.12.2016

Instruks for dagleg leiar

Dagleg leiar tilrår:

Representantskapet vedtar revidert instruks for dagleg leiar.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 14.11.2016

Handsaming:

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Representantskapet vedtar revidert instruks for dagleg leiar.

Styreleiar Terje Damman kom til denne saka.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Instruks for dagleg leiar skal reviderast ein gong kvar kommunestyreperiode.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

Konsesjonskraft IKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane, og må med andre ord vere proaktive både i administrasjonen, men også i styret. Det er viktig at dagleg leiar har ei oppdatert instruks å styre etter.

3. Saksopplysningar

Ein hadde instruks for dagleg leiar opp som sak i styremøtet 30. september 2016. Då blei administrasjonen beden om å sjå på både styreinstruksen og dei andre instruksane/reglementa

på nytt. Ein har derfor valt å gjennomgå instruks for dagleg leiar detaljert før ny behandling i styret og representantskapet.

Det er gjort nokre mindre endringar i oppbygging og innhald. Meir detaljerte endringar er kommentert under Vurdering.

4. Vurdering

Det er ikkje gjort endringar i punkt 1 Innleiing.

I punkt 2 Ansvar er det i fyrste avsnitt lagt til siste del av setninga som er lik formulering i styreinstruksen; dagleg leiar avgjer saker som ikkje er av vesentleg eller stor avgjerd for selskapet. Ein har vidare lagt til nytt avsnitt tre, flytta frå punkt 4 Deltaking i styret.

Under punkt 3 Mynde har ein flytt opp avsnitt to (tidlegare avsnitt tre). Ein har vidare lagt til siste avsnitt om at dagleg leiar har prokura, og kan inngå kontraktar om uttak av konsesjonskraft. Dette siste stod tidlegare i delegasjonsreglementet, men er vurdert å vere av så stor verknad at det bør stå i instruksen.

I punkt 4 Deltaking i styret er avsnittet om økonomiplan og budsjett flytt ut til punkt 2. Vidare har ein i andre avsnitt lagt til «saman med styreleiar», for å samsvare med styreinstruksen. Ein har også skriva om avsnitt tre, slik at ordlyden er i samsvar med styreinstruksen.

Ingen endring i punkt 5 Representantskapet.

I punkt 6 Organisering av selskapet har ein tatt vekk siste setning i fyrste avsnitt; «Dagleg leiar skal sikre informasjonsflyt og utveksling av meiningar i vesentlege saker før endeleg administrativt vedtak vert gjort». Denne setninga er diskutert lagt til delegasjonsreglementet, men ein har landa på at det er unødvendig. Avsnitt to og tre er slått saman. Vidare er dei to siste avsnitt sletta, då det er vurdert å høyre heime i delegasjonsreglementet – og der står det allereie.

Ingen endring i punkt 7 og 8.

Valle, den 09.11.2016

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Vedlegg

1 Instruks for dagleg
leiar



Instruks for dagleg leiar

1. Innleiing

Instruksen regulerer dagleg leiar sine oppgåver, ansvar og fullmakter når det gjeld den dagleg drifta av selskapet. I tillegg gjeld også arbeidsavtalen og andre instruksar og retningslinjer i selskapet som til dømes gjeldande risikostrategi med definerte fullmakter. Instruksen gjeld også for eventuell fungerande dagleg leiar.

2. Ansvar

Dagleg leiar har ansvar for den daglege drifta av selskapet og har mynde til å avgjere saker som kjem inn under den daglege drifta, og som ikkje er av vesentleg eller stor avgjerd for selskapet.

Etter særskilt fullmakt frå styret i enkeltsaker kan likevel dagleg leiar avgjere slike saker som nemnt over. Dagleg leiar kan også avgjere slike saker når tidsaspektet gjer det påkravt. Styret skal då snarast gjerast kjent med avgjerda.

Dagleg leiar skal kvart år legge fram økonomiplan for dei neste fire åra og budsjett for komande år. Dette skal behandlast i styret og representantskapet. Styret kan vedta nærmare retningslinjer for innhaldet.

Dagleg leiar kan delegere nødvendig mynde til sine medarbeidarar.

Dagleg leiar representerer selskapet utetter.

Dagleg leiar skal sjå til at rekneskapet samsvarar med lov og føresegner.

3. Mynde

Dagleg leiar skal arbeide i samsvar med selskapsavtalen, vedtekne strategiar og vedteke budsjett. Dagleg leiar skal arbeide aktivt for å nå dei måla selskapet har vedteke.

Dagleg leiar skal følgje etiske og sunne forvaltningsmessige prinsipp og skal arbeide til beste for omdømmet til selskapet.

Dagleg leiar skal bruke sin kunnskap om selskapet og om selskapet sitt ressurstilfang til å kome med framlegg til styret om strategiske val og tiltak.

Dagleg leiar skal kvalitetssikre alle avgjerder og prosessar som har juridiske konsekvensar for selskapet.

Dagleg leiar har prokura. Dagleg leiar inngår kontraktar om uttak av konsesjonskraft.

4. Deltaking i styret

Dagleg leiar har rett og plikt til å deltake i styremøte og til å uttale seg dersom ikkje styret har avgjort anna.

Dagleg leiar skal saman med styreleiar utarbeide møteplan for styret.

Dagleg leiar er ansvarleg for å førebu og dokumentere styresakene på ein forsvarleg måte, slik at saksdokumenta har eit tilfredsstillande avgjerdsgrunnlag for styret. Dagleg leiar er også ansvarleg for at innkalling med tilråding til vedtak blir sendt ut med minst ei veker varsel.

Dagleg leiar skal halde styret orientert om alle vesentlege saker som gjeld den samla verksemda i selskapet. Dagleg leiar skal rapportere om status, likviditet og resultat for siste periode og prognose for resten av året.

Styret kan hele tida krevje at dagleg leiar orienterer om bestemte saker.

5. Representantskapet

Dagleg leiar skal vere til stades i representantskapet

6. Organisering av selskapet

Dagleg leiar har ansvaret for at organiseringa, oppgåvefordelinga og ansvarsfordelinga i selskapet er god.

Dagleg leiar har det overordna ansvaret for arbeidsmiljøet og skal sjå til at drifta er i samsvar med krav i lov og føresegner. Dagleg leiar har ansvaret for ein god personalpolitikk. Dagleg leiar skal ha gjennomført opplæring i helse, miljø og tryggleik jf. arbeidsmiljølova § 3-5.

7. Habilitet

Dagleg leiar skal ikkje ha anna løna eller uløna arbeid, oppdrag, ombod eller eigarinteresser i andre verksemdar utan godkjenning frå styret.

8. Informasjon og kommunikasjon

Dagleg leiar syter for oppfyljing av offentleglova og skal praktisere meiroffentlegheit.

Dagleg leiar og styreleiar skal minst ein gong i året evaluere samarbeidet mellom dagleg leiar og styret.

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
53/16	KIKS - Styret	30.09.2016
7/16	KIKS - Representantskapet	08.12.2016

Tertialrekneskap 2. tertial 2016

Dagleg leiar tilrår:

Rekneskapen for 2. tertial 2016 vert godkjend.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 30.09.2016

Handsaming:

Kommentar frå styreleiar: Ein ønskjer for framtida å få klart fram av vedtaksteksten at saka må vedtakast av Representantskapet.

Revisor skal revidere 2. tertial før Representantskapsmøtet.

Framlegg til vedtak frå styreleiar:

Representantskapet godkjenner rekneskapet for 2. tertial 2016.

Framlegget samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Representantskapet godkjenner rekneskapet for 2. tertial 2016.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Dagleg leiar rapporterer til styret på den samla økonomiske stoda i verksemda kvart tertial.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

Tertialrekneskapen synleggjer om verksemda når målsettinga om pårekelege og stabile inntekter til deltakarane.

3. Saksopplysningar

Dagleg leiar viser til resultat og balanse pr 1/9 2016, budsjettprognose ut 2016. Det leggst opp til nokre endringar i høve opprinnelig budsjett, kor nettoeffekten er eit redusert resultat på 1.5mill. Dette går ikkje utover prognosen for utbetaling til deltakarane.

4. Vurdering

Sjå notat i vedlegg

Valle, den 22.09.2016

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Vedlegg

- 1 Tertialrekneskap 2. tertial 2016 - vedlegg
- 2 Revisorkontroll - Tertialrekneskap 2.
tertia 2016

Konsesjonskraft IKS - rapport 2. tertial

Resultatregnskap for perioden 01.01.2016 - 31.8.2016

	Note	Regnskap 2016	Budsjett 2016	Regnskap 2015
Driftsinntekter og driftskostnader				
Konsesjonskraftinntekter		152 070 553	233 654 664	257 666 683
Annen driftsrelatert inntekt		-	-	-
Sum driftsinntekter		152 070 553	233 654 664	257 666 683
Kjøp av konsesjonskraft		66 803 682	106 000 000	100 816 280
Lønn inkl. sosiale utgifter		2 087 479	3 785 000	3 624 185
Avskrivninger		21 673	-	35 866
Eksterne honorarer		1 690 186	3 190 000	3 335 734
Skyss og kostgodtgjørelse		214 964	350 000	385 155
Brukt av styret		78 820	300 000	126 321
Div. merkantile og administrative kostnader		408 645	980 000	481 247
Sum driftskostnader		71 305 450	114 605 000	108 804 788
Driftsresultat		80 765 103	119 049 664	148 861 895
Finansinntekter og -kostnader				
Finansinntekter		3 174 953	3 100 000	3 264 195
Finanskostnader		469 806	700 000	1 648 362
Resultat av finansposter		2 705 147	2 400 000	1 615 833
Resultat før overførte konsesjonskraftinntekter		83 470 251	121 449 664	150 477 728
Overførte konsesjonskraftinntekter		54 686 000	-	128 059 500
Resultat		28 784 251	121 449 664	22 418 228
Overføringer				
Overføringer til driftsfond og reservekapital		-	111 595 298	22 418 230
Sum overføringer		-	111 595 298	22 418 230

Konsesjonskraft IKS

Balanse pr. 31.8.2016

EIENDELER	Note	2016	2015
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Driftsløsøre og inventar		85 801	107 474
Sum varige driftsmidler		85 801	107 474
Sum anleggsmidler		85 801	107 474
OMLØPSMIDLER			
Kortsiktige fordringer		1 296 054	132 950
Finansplassering		78 553 898	76 421 824
Bankinnskudd og kontanter		58 071 071	41 537 266
SUM OMLØPSMIDLER		137 921 023	118 092 040
SUM EIENDELER		138 006 824	118 199 514
RESERVEKAPITAL OG GJELD			
RESERVEKAPITAL			
Driftsfond og reservekapital		99 423 950	99 423 950
Udisponert resultat		28 784 254	1
SUM RESERVEKAPITAL		128 208 203	99 423 950
GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		5 584 464	10 348 337
Skyldige offentlige avgifter		2 188 753	4 328 408
Annen kortsiktig gjeld		2 025 406	4 098 819
SUM KORTSIKTIG GJELD		9 798 624	18 775 564
SUM GJELD		9 798 624	18 775 564
SUM RESERVEKAPITAL OG GJELD		138 006 827	118 199 515

Kommentarar tertialrekneskap

- Konesjonskraftinntektene er litt lågare enn tidlegare budsjettert:
 - Inntekten på sikra posisjoner ligg naturlig nok på budsjett
 - Inntektene på usikra posisjoner ligg på budsjett, då prisane til no i 2016 ligg på nivå med det marknaden venta hausten 2015
 - Områdekostnaden har vore ca 3mill høgare enn budsjett og dreg ned inntekten. Grunnen til dette er høg områdekostnad i januar og i sumar.
 - Brukstida har gjett høgare inntekt enn budsjett, ca 1.5 mill. Utslaget kom spesielt i januar med høge prisar på dagtid på dei kaldaste dagane.
- Kjøp av konesjonskraft ligg over opprinneleg budsjett med ca 1,5mill. OED pris kom inn høgare enn opprinneleg budsjettert. Dette grunna ei justering av feil gjort frå OED i 2015 som ikkje KIKS har fått nokon forklaring på.
- Lønnskost ligg litt lågare enn budsjett, og er venta å kome inn enda lågare i 3 tertial. KIKS har no 3 tilsette, mot budsjettert 4.
- Eksterne honorar ligg under budsjett, men grunna stevninga mot SKK er det venta mykje resten av året. Det vil og bli satt opp fordelingsnøkkel med deltakarar i stevninga som ikkje er med i KIKS. Adm har og satt i gang anbod banktenester og forvaltarfullmektig, så det kjem ytterlegare kostnadar i 3 tertial.
- Det er og eit underforbruk av div. administrative kostnadar i høve budsjett.
- Netto finans ligg godt an. Avkastninga på reservekapitalen har i juli og august vore god, og ligg på 2,4% til no i år. Agio/disagio på valuta ligg og litt betre enn budsjett, samt at garantikostnadane er veldig låge. Grunnen til låge garantikostnadar er at verdien på sikra kraftposisjonar er høg, då kraftmarknaden har falt dei siste åra. Då er det mindre behov for garantiar. Adm i KIKS håpar behovet for garantiar snart melder seg.
- Endringar i resultat går mot avsetning reservekapital.

Justeringer av budsjett 2016

I budsjetta til KIKS er det ein del poster som er hefta med stor usikkerhet og er vanskeleg å kontrollere og sikre seg mot. Pr 31.08 justerast fylgjande poster frå opprinneleg budsjett:

- Konesjonskraftinntekter nedjusteres med 1.5mill. Områdekost estimerast no til å bli 14 mill, mot tidlegare 11 (8,3 mill i 2015), mens inntekt brukstid no reknast å bli 4,5mill mot tidlegare 3mill (4,5mill i 2015).
- Kjøpskostnad oppjusterast med ca 1,6mill i høve opprinneleg budsjett (frå 104,4mill til 106mill). Grunnen er litt høgare OED pris, Sira Kvina pris og tapsledd enn opprinneleg budsjettert. Adm gjer no eit grundig arbeid med OED pris, og meiner å ha funne at OED har gjort justeringar frå 2015 som ikkje er forståelege.
- Det gjerast ikkje justeringar på netto finans sjølv om tala ser gode ut. Det har vore volatile finansmarknader i 2016, og avkastninga på reservekapitalen er uviss ut året.

Valle 09.09.2016

Glenn Qvam Håkonsen

Til Styret i Konesjonskraft IKS

Uttalelse vedrørende forenklet revisorkontroll av delårsregnskap

Innledning

Vi har foretatt en forenklet revisorkontroll av vedlagte balanse for Konesjonskraft IKS pr. 31. august 2016 og tilhørende resultatregnskap for åttmånedersperioden avsluttet denne dato. Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen og fremstillingen av delårsregnskapet. Vår oppgave er å avgi en uttalelse om delårsregnskapet basert på vår forenklete revisorkontroll.

Omfanget av den forenklete revisorkontrollen


Vi har utført vår forenklete revisorkontroll i samsvar med ISRE 2410 "Forenklet revisorkontroll av et delårsregnskap, utført av foretakets valgte revisor". En forenklet revisorkontroll av delårsregnskapet består i å rette forespørsler, primært til personer med ansvar for økonomi og regnskap, og å gjennomføre analytiske og andre kontrollhandlinger. En forenklet revisorkontroll har et betydelig mindre omfang enn en revisjon utført i samsvar med revisjonsstandarder fastsatt av Den norske Revisorforening, og gjør oss følgelig ikke i stand til å oppnå sikkerhet om at vi er blitt oppmerksomme på alle vesentlige forhold som kunne ha blitt avdekket i en revisjon. Vi avgir derfor ikke revisjonsberetning.

Konklusjon

Perioderegnskapet viser et positivt resultat på kr 28 784 251 etter overførte konsesjonskraftinntekter på kr 54 686 000 og en reservekapital tillagt periodens resultat på kr 128 208 201. Vi har ved vår forenklete revisorkontroll ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at det vedlagte delårsregnskapet i det alt vesentlige ikke er utarbeidet i samsvar med gjeldende regnskapsprinsipper for selskapet.

Kristiansand, 25. november 2016

BDO AS



Inge Soteland
Statsautorisert revisor

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
62/16	KIKS - Styret	14.11.2016
8/16	KIKS - Representantskapet	08.12.2016

Økonomiplan 2017-2020 og budsjett 2017

Dagleg leiar tilrår:

Framlagde økonomiplan 2017-2020 og budsjett 2017 vert vedteke

Framlagde prognose utbetaling til deltakarar 2017 vert vedteke

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 14.11.2016

Handsaming:

Dagleg leiar Glenn Qvam Håkonsen orienterte.

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Framlagde økonomiplan 2017-2020 og budsjett 2017 vert vedteke

Framlagde prognose utbetaling til deltakarar 2017 vert vedteke

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Økonomiplan 2017-2020 og budsjett 2017 er viktig informasjon for styret og eigarane, og gjev eit bilete på dei økonomiske framtidsutsiktane.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

Strategiplanen som vart vedteke i juni 2015 skal gjennom dette framlegget realiserast innfor tilrådde rammer.

3. Saksopplysningar

Overordna:

Verksemnda arbeider med desse hovudoppgåvene:

Vakte rettane:

- Volumutrekning og endringar med heimel i tidlegare gjevne konsesjonar.
- Oppfølging av gjevne vassdragskonsesjonar
- Utvikling av dokumentasjon og styringssystem.

Take vare på verdien:

Rett volum konsesjonskraft skal leverast til rett pris frå den dagen vatnet vert teke i bruk til kraftproduksjon.

- Sjølvkostprisar Mandalsvassdraget og Sira-Kvina vassdraga.
- Kontroll og oppfølging OED-pris utrekninga.
- Utvikling av styringssystem og oppfølging av beredskapsplanen
- Krafthandel – sikre påreknelege inntekter og take vare på marginar.
- Nye konsesjonar/konsesjonssaker under handsaming
- Vi følgjer og opp prosjekt som er på høyring, tilråding om nye konsesjonar, gjevne konsesjonar der det manglar investeringsavgjerd og prosjekt under utbygging.
- Informasjonssystem
 - o Utan eit godt og gjensidig informasjonssystem som involverer deltakarane kan ikkje KIKS take vare på rettane til kommunane på ein fullgod måte. Det er viktig at deltakarane i selskapet orienterer KIKS om aktuelle konsesjonssaker som gjeld vasskraftutbygging og revisjonssaker. Dette er avgjerande for at KIKS kan vakte rettane til deltakarane på ein fullgod måte.
- Risikostrategi og styring
 - o Risikostrategien skal kontrollere all motpartsrisiko og prisrisiko etter ein definert strategi. Denne vert vedteke av styret. Gjeldande strategi vart vedteke i september 2016. Representantskapet får ein orientering om kraftmarknaden og gjeldande risikostrategi i kvart møte. Det er avgjerande at risikoen er avstemt mot behovet for budsjetttryggleik.
- Informasjon og opplæring
 - o KIKS arbeider systematisk med opplæring for styre og representantskap, og orienterer kommunestyre og fylkesting. Hovudstrategien er kompetansedeling eksternt og internt.
- Innkjøp av tenester
 - o Verksemnda er avhengig av å kjøpe inn spisskompetanse innafor hydrologi, jus og finans. Dagleg leiar arbeider målretta med å utvikle kompetanse og å utnytte den auka kompetansen og kapasiteten i verksemnda. Vi utviklar og eigne arbeidsmetodar for å redusere innkjøp av tenester. Vi arbeider for å få inn ein meirverdi både for tenesteleverandøren og for oss som kjøpar; dette avdi vi meiner at det gjer kvaliteten på dei leverte tenestene betre utan at kostnadene aukar tilsvarande.

Vinstrealisering.

Vi arbeider kontinuerleg med å realisere marginar, både gjennom å kontrollere kjøpskostnadene for krafta og å syte for at nye konsesjonar fører til uttak av konsesjonskraft den dagen vatnet vert teke i bruk til kraftproduksjon.

Årsverknaden av vårt arbeid i 2016 er følgjande:

Ny kraft på nettet:	kr 200.000,-
Reduserte kjøpskost	kr 200.000,-
Totalt	kr 400.000,-

Verknaden av dette arbeidet var i 2015 på kr 1.740.000,- per år. Samla i løpet av to år utgjer dette arbeidet kr 2.140.000,- årleg.

Vi arbeider no mykje med å få avklåra sjølvkostprisen for konsesjonskraft frå Sira-Kvina kraftselskap av di vi meiner denne prisen skal vere om lag 1,2 øre/kWh lågare; denne saka står no for Dalane tingrett. Skilnaden i pris mellom det Konsesjonskraft IKS meiner og det Sira-Kvina kraftselskap meiner utgjer om lag kr 5,6 mill kr pr. år.

Strategisk val

Styret bør saman med representantskapet arbeide mykje med strategiplanen i 2017. Dagleg leiar tilrår difor å legge til grunn gjeldande strategiplan og halde på noverande administrative oppsett i 2017.

Dette er og viktig for å kunne arbeide godt internt med kompetansedeling. Ein viktig del av satsinga vår er utvikling av hydrologisk kompetanse.

Verksemda har i dag god utviklingskraft- dette lyt ein ha med som eit viktig element i arbeidet med strategiplanen i 2017.

Budsjett 2017

Driftsinntekter

Konsesjonskraftinntektene utgjer 205,5 mill. kr brutto. Dette er basert på finansiell handel pr. 1. oktober 2016 og ei verdivurdering av usikra kraftvolum pr. same dato. Inntektsprognosen for 2017 er 95 % sikkert og gjev grunnlaget for utbetalingsprognosen.

Driftskostnader

For 2016 utgjer driftskostnadene kr 8.055.000 mot kr 8.645.000 i revidert budsjett for 2016.

Driftskostnadene er eit svar på tiltak som må gjerast for å møte daglege operative utfordringar og fylgje strategien som deltakarane har vedteke.

KIKS har vald å selje krafta fysisk etter eigen forvaltningsavtale med Markedskraft, som utfører den finansielle handelen etter ordre frå krafthandlaren i selskapet. Vi valutasikrar samstundes som vi prissikrar. Vår forvaltningsmodell kostar kr 2.300.000 i ekstern rådgjeving og gebyr.

Margininntektene våre ligg på omlag kr 1.900.000 i året. Kostnadene til fysisk handel med kraft utgjer om lag kr 1.000.000, medan margininntektene er budsjettert til kr 4.000.000 i året.

Dagleg leiar har saman med administrasjonen og styret arbeidd mykje med risikostyring; oppbygginga av administrasjonen må og sjåast i samanheng med risikostyringa. Selskapet har 4 stillingsheimlar, og ei ledig stilling er nett lyst ut.

Innkjøp av tenester gjeld følgjande:

Rekneskap og revisjon	kr	350.000
Juridisk bistand	kr	200.000
Hydrologibistand	kr	200.000
Forvaltar/fullmektig	kr	800.000
Gebyrer krafthandel	kr	1.275.000
Controller	kr	240.000
Til saman	kr	3.065.000

Diverse merkantile og administrative kostnader er på kr 650.000 mot kr 980.000 i 2016 og kr 1.070.000 i 2015. Reduksjonen gjeld i hovudsak møtekostnader.

Kjøpskostnader inklusive nettariffar

Vi har i budsjettet rekna med at kjøpskostnadene til såkalla OED-pris ikkje aukar, og kraft levert til sjølvkost aukar i samsvar med våre eigne prognoser. Våre prognoser byggjer på oppgjevne investeringstal frå Agder Energi Vannkraft og Sira-Kvina kraftselskap og makroøkonomiske tal for pris- og renteutvikling.

Sentralnettstariffen aukar med 0,1 øre pr kWh til 1,3 øre/kWh for 2017 og vi reknar at den aukar ytterlegare til 1,8 øre/kWh i 2018.

Vi arbeider framleis med andre problemstillingar og potensialet for ytterlegare kostnadsreduksjonar er til stades, men arbeidet er krevjande og kan difor take tid.

Det er ein stor risiko for at 21,4 GWh konsesjonskraft frå Skjerka kraftverk i Mandalsvassdraget vert ulønsam i 2019. Vi har det same arbeidet på gong for konsesjonskraft frå Sira-Kvina vassdraga – det gjeld 480 GWh. Våre prognoser viser at sjølvkostprisen innafor økonomiplanperioden ikkje vil overstige OED-prisen. Vi tek i dag ut 23 GWh i Otravassdraget som kunne vore prisa til sjølvkost; då ville og ein del av denne krafta vorte ulønsam.

Dagleg leiar held styret orientert om denne saka.

Konsesjonskraftvolum og moglege endringar

Det er ikkje rekna med endringar i volumet i 2017; det er likevel sannsynleg at NVEs tilråding for utrekning av konsesjonskraft i Sira-Kvina vassdraga vil føre til endringar når OED gjer vedtak i saka. Det er ikkje klårlagt om dette vedtaket vil få tilbakeverkande kraft. Dersom NVE si tilråding om kraftgrunnlag og fordeling av konsesjonskraft vert stadfesta av OED, vil konsesjonskraftvolumet for deltakarane i KIKS samla sett verte redusert med om lag 4 GWh pr. år. Dette ligg innafor det fysiske volumet som ikkje er prissikra finansielt.

Finansinntekter/finanskostnader

Dette er tal basert på røynsler frå tidlegare år og korrigert for endra marknadsutvikling. I første halvår 2017 har vi framleis ein etter måten god avtale med Danske Bank som gjev oss brukbar avkastning på likviditeten vår. Vi hentar i desse dagar inn anbod på ny 4-årig bankavtale for perioden 2017-2021, som ein må vente gir lågare finansinntekter framover.

Utbetaling til deltakarane

Det er sendt ut utbetalingsprognose på kr 90.946.000 til deltakarane.

Prognose deltakarar i Aust-Agder er basert på det som er definert som eit minimumsnivå i representantskapssak 2014, og som fastsetter korleis reservekapitalen skal avsettast og brukast. Prognose deltakarar i Vest Agder er basert på at reservekapitalen skal byggast opp til likt nivå som for Aust-Agder. Prognosen er sendt ut med atterhald om politisk godkjenning.

Avsetting og bruk av reservekapital

Det vert samla sett ikkje avsett midlar til reservekapital i 2017.

Vest-Agder-deltakarane set av om lag 5 mill kr av midlane for å bygge opp ein reservekapital og utjamne framtidige utbetalningar. I Vest-Agder vert det og avsett 1,9 mill. kr ekstra til å møte nedgong i konsesjonskraftkvantum frå Sira-Kvina kraftselskap for Kvinesdal og Vest-Agder fylkeskommune . Sjølv om det ligg føre ei tilråding frå NVE ifrå mai 2015 som kan redusere grunnlaget for denne avsettinga, legg dagleg leiar til grunn ei worst-case vurdering som byggjer på det påklaga vedtaket frå NVE frå 2003.

Aust-Agder-deltakarane brukar 7,6 mill. kr av reservekapitalen i 2017. Dersom prisane på det usikra volumet i 2017 skulle auke, vil nettoeffekten av dette gå mot reservekapital.

Økonomiplan 2018-2020

Driftsinntekter

Driftsinntektene er i økonomiplan vurdert til å bli redusert frå 205,5 mill. kr i 2017 til 159 mill. kr 2019. Dette var eit augneblikksbilete frå september.

Driftskostnader

Dagleg leiar ser det naudsynt med eit framhaldande arbeid for å redusere alle kostnader, økonomiplanen ber preg av dette.

Verksemda har mange tidskritiske oppgåver; det er difor avgjerande at administrasjonen er bygd opp slik at den administrative risikoen er akseptabel. Det er og arbeidsintensivt å take vare på marginane og dagleg leiar meiner å ha påvist at denne ressursbruken er lønsam. Selskapet har i dag stor verdi gjennom den kompetansen dei tilsette har erverva seg; det er viktig at denne verdien vert teke med i dei vidare vurderingane.

Konsesjonskraftvolum og moglege endringar på sikt

Vi har identifisert 7 prosjekt som er under handsaming i NVE/OED eller som det er gjeve konsesjon på. Eitt prosjekt er under bygging; det gjeld Nye Skjerka.

Samla vil desse prosjekta gje eit konsesjonskraftvolum som vi grovt har kalkulert til 28 GWh. Det er vår oppgåve å syte for at konsesjonskraft er på nett når kraftverket/overføringa er i produksjon/bruk. Dersom ein reknar ein vinst på 10 øre/kWh, utgjer dette 2,8 millionar kr pr. år (jfr snitt sikringspris). Dette er ikkje teke med i økonomiplanen avdi framdrifta på prosjekta med unnatak av Nye Skjerka er uviss.

Utbetalinga til deltakarane

Det er berre prognosen for 2017 som har gode nok data i botn til å kunne leggast til grunn for budsjettarbeidet i kommunane. Dette avdi sikringsgraden vi har framover i tid er fallande, og difor gjev eit stort utfallsrom på framtidige inntektsvurderingar.

Reservekapital

Oppbygging av reservekapital har desse målsettingane:

- Dekke opp for uforutsette hendinger i budsjettåret.
- Syte for at selskapet kan svare for framtidige negative avviksoppgjjer
- Jamne ut svingingar i inntektene.

Dagleg leiar meiner spørsmålet om reservekapitalen må vurderast konkret to gonger i året, både i samband med økonomiplan og budsjett i desember og ved framlegginga av rekneskapet i juni.

4. Vurdering

Inntektene:

Vi arbeider aktivt med risikostrategi, analyseverktøy for å utnytte marknaden innafør definert risiko. Siktemålet er å skape ein meirverdi for eigarane.

Vi vel og løysingar som gjer at vi får tak i marginar utan at risikoen aukar.

Utgiftene:

Noverande utgiftsnivå skuldast ei målmedveten oppbygging i samband med utvidinga av verksemda til å femne om deltakarane frå Vest-Agder og for å kunne løyse dei oppgåvene som eigarane har definert i strategiplanen.

I ei tid med reduserte inntekter er det viktig å gå gjennom alle aktivitetar og utgiftselement på ein kritisk måte. Dette er no gjort i dette budsjettframlegget.

Dagleg leiar meiner det både er operativt naudsynt og strategisk rett å halde på noverande tal på stillingsheimlar dei første to åra, både av omsyn til kompetansedeling og av omsyn til å arbeide vidare med strategiske oppgåver i samsvar med strategiplanen.

Ved sida av konsesjonskraftrettane er dei tilsette den største ressursen i verksemda.


I løpet av komande år vil vi ha ressursar til å gjennomføre effektiviseringstiltak og utvide tenestemenyen til våre deltakarar og/eller utvide den geografiske virkekrinsen.

Valle, den 08.11.2016


Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Vedlegg


- 1 Økonomiplan 2017-2020 og budsjett 2017 - vedlegg
- 2 Utbetalingsprognose 2017

 KONSESJONSKRAFT IKS – vaktar rettane og tek vare på verdien	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan		
	2015	2017	2018	2019	2020
Salgsinntekter	257 734 175	205 499 391	180 736 973	159 525 638	169 928 927
Sum driftsinntekter	257 734 175	205 499 391	180 736 973	159 525 638	169 928 927
Sum varekostnader	100 816 280	108 094 373	116 176 911	118 985 330	120 697 459
Sum personalkostnader	3 624 184	3 850 000	3 970 000	4 100 000	4 230 000
Avskrivning	35 866	40 000	40 000	40 000	40 000
Fremmede tjenester	3 371 850	3 065 000	2 790 000	2 740 000	2 740 000
Skys og kostgodtgjørelse	298 565	300 000	300 000	300 000	300 000
Brukt av styret	-	150 000	150 000	150 000	150 000
Div. merkantile og administrative kostnader	725 534	650 000	650 000	650 000	650 000
Sum driftskostnader	108 872 279	116 149 373	124 076 911	126 965 330	128 807 459
Driftskost eks Kjøp av kraft	8 055 999	8 055 000	7 900 000	7 980 000	8 110 000
Driftsresultat	148 861 896	89 350 018	56 660 062	32 560 308	41 121 468
Finansinntekter og -kostnader					
Finansinntekter	3 248 291	2 747 530	2 746 561	2 450 693	1 866 913
Finanskostnader	1 632 459	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
Resultat av finansposter	1 615 832	1 547 530	1 546 561	1 250 693	666 913
Resultat før overførte konsesjonskraftinntekter	150 477 728	90 897 548	58 206 623	33 811 001	41 788 381
Overførte konsesjonskraftinntekter	127 764 000	90 946 000	73 000 000	63 000 000	53 000 000
Resultat	22 713 728	-48 452	-14 793 377	-29 188 999	-11 211 619


Prognose utvikling reservekapital KIKS:



Prognose utvikling reservekapital Aust Agder:



Prognose utvikling reservekapital Vest-Agder



Til deltakarane i Konesjonskraft IKS

Budsjettprognose utbetaling 2017 med inntektsanslag for perioden 2018-2020.

Dagleg leiar oversender vedlagte budsjettprognose utbetaling 2017 med ei vurdering av utbetalingane for 2018-2020.

Endeleg budsjettprognose for 2017 vert vedteke i representantskapsmøte 09. desember 2016.

Budsjetterte inntekter for 2017 vert utbetalt i to like store terminar- i juni og desember. Dette er ein a konto utbetaling av overskottet i Konesjonskraft IKS og vert soleis utbetalt utan meirverdiavgift.

Deltakarane vil få endeleg orientering etter representantskapsmøtet i desember 2016.

Dersom det er spørsmål tek de kontakt med Konesjonskraft IKS.

Glenn Qvam Håkonsen
Mobil 990 32 244

Epost: glenn.hakonsen@konesjonskraft.no

Utbetalingsprognose	2016	2017	2018	2019	2020
Aust Agder fylkeskommune	48 971 156	38 600 000	33 627 491	28 856 031	22 709 172
Vest Agder Fylkeskommune	14 526 661	8 000 000	4 554 379	5 461 419	5 271 128
Bykle	13 201 128	13 200 000	9 715 637	8 229 270	6 814 365
Valle	5 936 074	5 930 000	5 599 577	4 093 645	3 527 503
Bygland	4 165 792	4 100 000	3 222 515	2 593 428	2 119 870
Iveland	2 135 756	2 000 000	1 579 948	1 275 769	1 007 801
Evje og Hornnes	490 307	490 000	361 058	275 022	205 542
Åmli	2 349 027	2 300 000	1 676 681	1 343 788	1 029 784
Froland	2 948 883	2 900 000	2 212 421	1 644 988	1 219 449
Arendal	1 304 732	1 200 000	926 454	805 252	667 850
Grimstad	1 053 296	1 000 000	720 608	649 252	539 121
Birkenes	443 849	440 000	357 954	233 556	159 543
Sirdal	1 406 000	900 000	1 177 873	735 001	781 098
Kvinesdal	3 000 000	3 000 000	2 746 933	2 109 354	2 300 357
Åseral	3 164 676	2 400 000	1 582 473	1 430 680	1 335 755
Vennesla	3 069 489	1 900 000	1 350 243	1 518 256	1 529 707
Hægebostad	21 685	16 000	9 342	9 697	9 188
Kristiansand	57 766	30 000	28 411	26 747	25 909
Audnedal	272 149	220 000	127 229	126 086	122 336
Marnardal	1 549 672	1 200 000	733 028	729 311	715 198
Lindesnes	168 236	120 000	72 133	75 228	71 285
Flekkefjord	1 346 338	1 000 000	617 955	778 221	838 039
Totalt	111 580 298	90 946 000	73 000 344	63 000 000	53 000 000